

**FYLKESMANNEN I ROGALAND
UTDANNINGSAVDELINGA**

TILSYN MED FINNØY KOMMUNE

TIDSPUNKT: 13.4.2010 Vår ref: 2010/818

ADRESSE: 4160 Finnøy

TILSYNSGRUPPE: Kåre Kr. Høines, Hallgeir Bø og Lars Wetteland

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** Reidulf Vignes

Heimel for tilsynet:

Opplæringslova § 14-1, andre og tredje ledd og delegasjonsbrev datert 13.09.07 frå Utdanningsdirektoratet.

Tema for tilsynet:

Tema for tilsynet var tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf. opplæringslova § 1- 3 og kapittel 5.

Tilsynet med Finnøy kommune skulle kontrollere om kommunen oppfyller lova sine krav til tilpassa opplæring og spesialundervisning og om kommunen har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Samandrag av resultatet:

Avvik nr. 1:

Finnøy kommune sikrar ikkje at det blir fatta enkeltvedtak om spesialundervisning for alle som har krav på dette etter opplæringslova og forvaltningslova.

Avvik frå:

Opplæringslova §§ 5-1, 5-3 jf. forvaltningslova §§ 2b, 23, 24.

Avvik nr. 2:

Finnøy kommune har ikkje etablert eit forsvarlig system for vurdering av om krava i opplæringslova knytt til spesialundervisning blir oppfylte.

Avvik frå:

Opplæringslova § 13-10 andre ledd, jf. kap.5.

Kåre Kr. Høines

Hallgeir bø

Lars Wetteland

seniorrådgivar/ tilsynsleiar

assisterande utdanningsdirektør

Innhald

Innleiing
Dokumentunderlag
Avvik
Merknader
Gjennomføring
Oppfølging

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Finnøy kommune 13.4.2010. Tilsynet fokuserte på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Finnøy kommune har tilfredsstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarleg vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt

kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsyn blir formulerte som avvik og/eller merknader.

AVVIK blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift.

MERKNAD gjeld forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Forskrift til opplæringslova

Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen

Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

Avvik

Avvik 1

Finnøy kommune sikrar ikkje at det blir fatta enkeltvedtak om spesialundervisning for alle som har krav på dette etter opplæringslova og forvaltningslova.

Avvik frå:

Opplæringslova §§ 5-1, 5-3 jf. forvaltningslova §§ 2b, 23, 24.

Lovkommentar:

Når det ligg føre sakkunnig vurdering av elevar som tilrår spesialundervisning, skal kommunen alltid fatta enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova, jf. forvaltningslova § 2b.

Enkeltvedtak skal vere skriftleg og skal grunnjevast, jf. forvaltningslova §§ 23-24.

Andre opplæringsarenaer enn skolen, kan bare brukast dersom det er heimel for det i eleven sitt enkeltvedtak. Dersom det ikkje er ein del av enkeltvedtaket, kan ikkje ein annan opplæringsarena brukast.

Vurderingstemaet er om dette vil vere eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven, jf. opplæringslova § 5-1 andre ledd. Dersom dette ikkje er tilfellet, kan ein heller ikkje gi elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning eit slikt opplæringstilbod

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Nokre elevar får i periodar deler av opplæringa si på alternative opplæringsarenaer. Av intervju og innsendt dokumentasjon ser ein at det korkje er sakkunnig tilråding, enkeltvedtak eller individuell opplæringsplan for alle desse elevane.

For elevar utan enkeltvedtak kjem det fram av intervju at desse elevane ikkje er blitt meldt til PP-tenesta for ei vurdering om rett til spesialundervisning.

Ved ein skole er det for inneverande skoleår ikkje fatta enkeltvedtak om spesialundervisning for elevar som faktisk får slik undervisning.

Avvik 2:

Finnøy kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova knytt til spesialundervisning blir oppfylte.

Avvik frå:

Opplæringslova § 13-10 andre ledd, jf. kap.5.

I forhold til temaet for tilsynet følgjer det av § 13-10 andre leddet, jf. kapittel 5, at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om lovkrava innanfor spesialundervisning blir oppfylte.

Kommunen må sjølv ta aktive grep for å sikre at regelverket blir oppfylt i eigen organisasjon

Systemet skal kunne dokumenterast skriftleg

Kommunen må kunne forklare systemet og kunne dokumentere at systemet er tilstrekkeleg kjent i relevante delar av verksemda (hos dei som har ein funksjon i systemet)

Kommunen skal sikre at systemet er kontinuerleg, konsistent og robust mot endringar i organisasjonen

Systemet skal vise kva rutinar for kartlegging, vurdering, korrigering,

kommunikasjon og samhandling som skal realisere formålet med systemet

Systemet skal være eigna til å sikre at adekvate tiltak blir sette i verk når det blir avdekkja brot på regelverket

Kommunen skal sørge for at brukarane av regelverket har kjennskap til systemet

Kommunen skal ha rapporteringsrutinar som sikrar kartlegging av om tiltaka som blir sette i verk verkar etter formålet

Systemet må vere gjennomført i organisasjonen – det er korleis systemet fungerer i praksis som er avgjerande med omsyn til om det er lovmessig

Kommunen må sørge for tilstrekkeleg kompetanse i alle relevante ledd av verksemda for å kunne vurdere data og situasjonar opp mot lovkrava

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Innsendt dokumentasjon viser at Finnøy kommune har rutinar og retningslinjer for det spesialpedagogiske arbeidet. Intervju viser likevel at rutinane i for liten grad er kjende i organisasjonen. Intervju og innsendt dokumentasjon viser også at kommunen ikkje har sørgt for tilstrekkeleg forvaltningskompetanse i alle ledd av verksemda.

Skoleeigar har ikkje gode nok skriftlege rutinar for å avdekkje, vurdere og korrigere forhold som er i strid med lovverket på tilsynsområdet. Intervju stadfester dette, jf. avvik 1.

Merknader

Det blei ikkje gitt merknader.

Vedtak om retting av avvik:

Finnøy kommune blir pålagt å sikre at de blir fatta enkeltvedtak i samsvar med krav i opplæringslova, og at det blir etablert eit forsvarleg system for å kunne avdekke og følgje opp eventuelle forhold som er i strid med lova.

Fylkesmannen ber kommunen sende ei erklæring om at avvika er lukka. Frist for innsending av erklæringa er sett til 15.9.2010.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er etter forvaltningslova § 29 tre veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram. Utdanningsdirektoratet er klageinstans, men klagen skal sendast Fylkesmannen i Rogaland. Ved ein eventuell klage kan kommunen be om at gjennomføringa av vedtaket blir utsett i påvente av ei avgjerd, jf. forvaltningslova § 42 første ledd.

Gjennomføring

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	25.1.2010
Opningsmøte blei halde:	18.3.2010
Intervjua blei gjennomførte:	13.4.2010
Sluttmøte blei halde:	21.4.2010
Varsel om enkeltvedtak blei sendt	22.4.2010
Merknad til varselet blei mottatt	18.5.2010

Finnøy kommune hadde ingen merknader til varslet datert 22.4.2010.

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale frå Finnøy kommune, Finnøy sentralskule og Sjernarøy oppvekstsenter:

- Organisasjonskart for kommunen
- Organisasjonsmodell OKO-ETATEN
- Kommuneplan for Finnøy kommune – langsiktig del
- Delegasjonsreglement

Årsmelding OKO-etaten 2008 og 2009
 Strategiplan for kompetanseutvikling
 Informasjon om ”Utsett eller framskutt skulestart”
 Kvalitetsvurderingssystem for grunnskulane i Finnøy
 Møteprotokoll Finnøy kommune, Formannskapet, møtedato 20.5.2008
 Årshjul/årsplan for OKO-etaten
 Prosedyre for deling i grupper
 Ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonalet og utviklingsmål for grunnskulen i Finnøy
 Prosedyre for oppstart 1. klasse
 Vedtak om spesialundervisning for skoleåret 2009/2010 med skkunnige vurderingar, IOP-ar og halvårsrapportar
 Verksemdplan for Finnøy sentralskule, 2009/2010
 Plan for tilpassa opplæring, Finnøy sentralskule
 Eksempel på arbeidsplanar, Finnøy sentralskule
 Skjema for samtale med føresette, evalueringssamtale og elevsamtale
 Overgang barneskule/ungdomsskule og overgang mellom barnehage og skule, Finnøy sentralskule
 Mal for ”Mål og tiltaksplan”
 Årsmelding for Finnøy sentralskule 2009
 Diverse skjema for elevundersøking / trivselundersøking, Finnøy sentralskule
 Verksemdplan Sjernarøy oppvekstsenter 2007-2010
 Årsmelding frå Sjernarøy oppvekstsenter 2009
 Overgang barnehage /skule og barneskule /ungdomsskule
 Læringsstrategiar, Sjernarøy skule

Materiale frå PPT
 Årsmelding 2009
 personaloversikt
 organisasjonskart
 Verksemdsplan for 2009-2010
 Avtale om pedagogisk-psykologisk teneste i Strand-Finnøy-Hjelmeland-Forsand
 ”Kva kan PPT tilby”
 Henvisningsskjema m/samtykke-erklæring
 Informasjon om obligatoriske vedlegg ved henvisning til PPT
 Mal for pedagogisk rapport Grunnskole
 Utdrag frå PPT sine interne rutiner
 Kopi av info-brev til alle barnehager og skoler i Midt-Ryfylke
 Kopi av innkalling+referat frå styremøte i PPT den 20.08.09 og 09.09.09
 Oversikt over sakkunnige tilrådingar 2010/2011

Vedlegg 2:

Oversyn over personane frå kommunen som var involverte i tilsynet

Namn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Magne Kongsvik	Rådmann	x	x	x
Reidulf Vignes	Kommunalsjef	x	x	x
Aud Kindervåg Halsne	Pedagogisk konsulent	x	x	x

Marianne Tveitnes	Leiar PP-tenesta	x	x	x
Bjarne Ogne	Rektor		x	x
Terje Jonassen	L�r�r	x	x	x
Bente Tjelta	Rektor	x	x	x
Vibeke Meling	L�r�r	x	x	x
Paul Aano	Rektor			x
Hilde Folkvord Juul	Rektor	x		x

Fr  Fylkesmannen deltok seniorr dgivar K re Kr. H ines, assisterande utdanningsdirekt r Hallgeir B  og r dgivar Lars Wetteland med f rstnemnde som tilsynsleiar.